

Kjeåsen

«FOLKET PÅ KJEÅSEN»

«Världens ensligaste gård». Det var ein avisreportasje BROR EKSTRÖM sine augo fall på, ein sommardag i 1951, på ei badestrand ved den svenske vestkysten, då han og kona BOJAN skulle planleggja årets sommarferie. Det var ein reportasje om Kjeåsen:

«Høgt där uppe ligger den, som en vit prick mot den lodrätt stupande fjällväggen gråa massiv. 600 meter under den blänker den smaragdgröna fjorden. Den vita pricken, det är Kjeåsen, gården där fyra människor avtvingat naturen så mycket jord och betesmark att de och deras djur kan leva.

Hur har de fått upp allting: byggmaterial till husen, boskapen, alla de tusen sinom tusen ting som behövs i ett hem? När ingen väg, ingen stig leder dit upp?»

Og dermed starta ein moderne «fjellturist»-ekspedisjon til Eidfjord og Kjeåsen for det svenske ekteparet, som omsider fekk sett sine namn i den vidgjetne gjesteboka på Kjeåsen. Turen resulterte i den sjarmerande boka om «Folket på Kjeåsen»; derfor er det langt fleire svenskar enn nordmenn som kjenner «detta ørnerede».

Høgt oppe over fjorden, i 600 meters høgd, ligg dei to bruka på KJEÅSEN. I dag køyrer du til tuns i bil, gjennom ein ny tunnel som kraftutbyggingarane i Sima har skote ut. For tjue år sidan gjekk den einaste vegen opp den bratte fjellsida, langs jernbolta stigar over svimlande svaberg – ein veg for dei nervesterke. Dette var sambandet med omverda.



Det er enno folk på Kjeåsen; framleis er det gardsdrift med sauer i fjøset, og det er ei oppleving å koma opp i det enkle, men velstelte tunet – eit nærbilete av det vesle naturhushaldssamfunnet. Uvegamt låg Kjeåsen til, med ein – etter vår målestokk – heilt utruleg strevsam veg til gards, men her er det rike ressursar rett utanfor stovedøra, og jakt, fangst og fiske var hovudnæringa for folket her. Den siste som dreiv, var Helge Åsen. Han er borte i dag, men det er ei rikholdig samling med fangstutstyr etter han; eit kapittel i saga om å leva og overleva. □

SIMADALEN OG SIMA KRAFTVERK

«Skytjefoss i Simadalen» har målaren JOHANNES FLINTOE kalla dette målarstykket frå 1822. Skykkjedalsfossen er ein av dei tre høgaste fossane i Noreg med ei total fallhøgde på 605 meter, og eit tilnærma loddrett fall på om lag 300 meter!

Vassdraga på vidda har hatt mykje å seia for Simadalen. I 1893 og 1937 vart dalen herja av flaum; siste gongen vart 20 hus feia på sjoen, men ingen menneskeliv gjekk tapt.

Sima kraftverk vart fullført i 1980. 700 meter inne i fjellet sørvest i Simadalen er det sprengd ut ein 200 meter lang, 20 meter brei og 40 meter høg stasjonshall. Kraftverket nyttar vatn frå to vassdragssystem. Den årlege kraftproduksjonen er om lag halvannen gong årsforbruket til ein by av storleik som Bergen. Sima kraftverk er ope for vitjing om sommaren.



Lars Osa: «Siste reis», Simadalen, 1936.

